



Nordahl Grieg videregående skole
Postboks 13, Rådalen
5857 BERGEN

Dato: 21.03.2017
Vår ref.: 2015/5010-25
Saksbehandlar: marhaa5
Dykkar ref.:

Midlar til skulefrukost 2017. Tilsegn om midlar. Nordahl Grieg videregående skole

Vi viser til utlysning av midlar til gratis skulefrukost i dei vidaregåande skulane for 2017, dagsett 13.02. Midlar til tilskot til gratis skulefrukost er vedteke av fylkestinget og er gitt for 2017.

Vidare viser vi til søknad om midlar frå Nordahl Grieg videregående skole. Søknaden omfatta følgjande tilbod og omfang:

Tilbod til ca. 20-40 elevar per veke for heile skulåret 2017/18.

Opplæringsdirektøren gir med dette Nordahl Grieg videregående skole tilsegn om midlar **kr. 50.000 for hausten 2017.**

Forlenging av tiltaket i 2018 er avhengig av nye midlar for 2018 og føreset ein ny søknad frå skulen. Vi vil då prioritere skular med låge inntakspoeng då midlane vil måtte dekkje eit heilt kalenderår. Vi vil kome attende med ny utlysning når vi har oversikt over budsjettmidlar på slutten av året.

Skulen må sende inn rapport over tilbod og omfang ved utgangen av juni 2018.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Marianne Haaland
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.